

Har strikka tusenvis av sokkar til ukjente born.

03.11.2016



Strikkedama Toril Lie(t.h.) spela for nokre år sidan bariton i Uskedal musikklag.

**- Det er så koseleg å strikka. Eg strikkar på bussen, når eg ser på tv og elles når eg har ledig tid, seier Toril Myklebust Lie (60) frå Os. Strikkinga har no ført til at den hjartevarme dama med sterk tilknytning til Uskedalen, har vorte kjend over det ganske land. Historien om henne som først var i Os & Fusaposten har no spreidd seg til riksmmedia.**

Toril Myklebust Lie er ofte her i Uskedalen, i Myro på Kjærlandssido der familien har hus. Ho budde også eit år i Myro medan ho var lærar ved Valen skule. Dette året var ho mellom anna med i Uskedal musikklag, og var ein humørfyllt og god bidragsytar på bariton. Etter det har det alltid vore kjekt å treffa på ho enten det er her i Uskedalen eller ved ein tilfeldigheit på sydentur. Ho spør alltid etter korleis det går med musikklaget.

Ho strikkar sokkepara, og så set ho på eit kort der det står «Til lykke med den nye osingen». Deretter leverer ho sokkane til helsestasjonen på Os. Ho har gjort avtale med helsestasjonen om dei leverer eit sokkepar til babyane ved det første besøket. Kwart år vert det no fødd rundt 300 born i Os kommune, og Toril har halde på med sokkeprosjektet sitt i 6 år.

Mottakarane set stor pris på sokkane dei får frå den 'ukjente' som no er blitt kjent. De kan lese meir om denne hjartegode saka [her](#).

Tekst og nett: Thor inge Døssland  
Arkivfoto: Ola Matti Mathisen.